



Olje- og energidepartementet

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2476 - 19/29248

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
tove.mette.fyllingen@lindas.kommune.no

Dato:
01.10.2019

Nasjonal ramme for vindkraft på land - tilleggsuttale frå Lindås kommune

Vedlagt følger saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Mottakarar:

Olje- og energidepartmentet

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
062/19	Kommunestyret	PS	26.09.2019

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	18/2476

Nasjonal ramme for vindkraft på land - tilleggsuttale frå Lindås kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Lindås kommune gir tilleggsuttale til høyring om nasjonal ramme for vindkraft på land.
2. Tilleggsuttale heng saman med høyringsuttale gjeve i sak 47/19

Kommunestyret - 062/19

KO - handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

1. Lindås kommune gir tilleggsuttale til høyring om nasjonal ramme for vindkraft på land.
2. Tilleggsuttale heng saman med høyringsuttale gjeve i sak 47/19

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn:

Vi viser til olje- og energidepartementet si høyring av «Nasjonal ramme for vindkraft på land». I høyringsbrevet 1. april 2019 skriv departementet at dei «*ønsker innspill til NVEs forslag til nasjonal ramme og til om det bør fastsettes en nasjonal ramme for vindkraft i Norge*».

Lindås kommune har i fråsegn 27. juni 2019 spelt inn kunnskap om areal, verdiar og omsyn i område 50 «Nordhordland og Gulen». Kommunestyret forventar at olje- og energidepartementet tek ut heile det utpeikte området «Nordhordland og Gulen» av rammeplanen. Området eignar seg ikkje for framtidig vindkraftutbygging på land.

Lindås kommune har tidlegare ikkje handsama det prinsipielle spørsmålet om det bør fastsetjast ei «Nasjonal ramme for vindkraft på land». Kommunen ønskjer derfor her å koma med ei tilleggsuttale retta til departementet sitt spørsmål om ramma bør fastsetjast.

Lindås kommune er berørt av forslaget frå NVE. Kommunen sitt areal inngår i forslag til utpeikt område 50 «Nordhordland og Gulen». Forslaget om ei «Nasjonal ramme for vindkraft på land» består

av to delar:

- Eit kart med forslag til 13 utpeikte områder der det kan liggje til rette for framtidig utbygging av vindkraft på land.
- Eit oppdatert kunnskapsgrunnlag.

I forslaget til område 50 «Nordhordland og Gulen» vert det skrive «*I området er det viktige miljø- og samfunnsinteresser knyttet til blant annet friluftsliv, landskap og fugl. Våre overordnede analyser tilsier imidlertid et lavere konfliktnivå i dette området enn i store deler av landet*».

Vurdering:

Lindås kommune er ueinig i konfliktnivåvurderinga i forslaget frå NVE, og meiner direktoratet undervurderer konfliktnivået i høve kommunale interesser, og nasjonale og vesentlege regionale interesser. Lindås kommunestyre meiner at arealsonene med «utpeikte områder» ikkje må fastsetjast, og må gå ut av arbeidet. Vi kan ikkje tilrå at kartet vert fastsatt som eit styringsverktøy slik det føreligg no. Målet til Regjeringa og Stortinget om å lage eit konfliktdempande og føreseieleleg styringsverktøy er ikkje nådd.

Kartdelen av «Nasjonal ramme for vindkraft på land» kan ikkje nyttast slik det er føreslått av NVE. På overordna nivå er det ikkje tatt godt nok omsyn til kunnskapsmanglar, og føre var-prinsippet er ikkje nytta. For særskilte tema der det eksisterer kunnskap er det heller ikkje tatt tilstrekkeleg omsyn til «sammenhengende naturområder med urørt preg», omsynet til «samla last», regional kartlegging og verdsetting av landskap, regional kartlegging av viktige friluftslivsområder, heller ikkje lagt tilstrekkeleg vekt på «Kartlegging og verdsetting av viktige friluftslivsområder» etter Miljødirektoratets M98/2013, rekreasjonsinteresser, kulturmiljø, kulturminner og naturbasert reiseliv.

Innspela frå Lindås kommunestyre, kunnskapsgrunnlaget, analyseeksklusjonane frå Miljødirektoratet, og dei harde og mjuke eksklusjonane må ivaretakast som ein del av td. oppdaterte retningslinjer for behandling av vindkraftsaker. I det oppdaterte kunnskapsgrunnlaget er det identifisert kva tema myndigheitene må arbeide vidare med og kva tema det må hentast inn meir kunnskap om. I mellomtid må myndigheitene arbeide vidare med å betre kunnskapsgrunnlaget og hente inn ny kunnskap.

Heilhetleg samfunnsutvikling

Vi meiner at det må ei meir heilskapleg tilnærming til fornybar teknologi på plass. Strategiske konsekvensutgreiingar må nyttast til dette føremålet. Forslaget til ei «Nasjonal ramme for vindkraft på land» vert ei for snever og for grovmaska tilnærming. Innfasingsvolum og potensial er ikkje vorte avklart. Ei samla analyse må gjennomførast av ulike fornybarteknologiar, og verknader for lokalsamfunn, næring, arbeidsplassar, naturmangfald, landskap, kulturmiljø, kulturminner og friluftsliv må kartleggjast og avklarast.

Det er naturleg å leggje vekt på spørsmål som er av «*vesentlig betydning for kommunens innbyggere, for næringslivet eller natur- eller kulturmiljøet i kommunen, eller for kommunens egen virksomhet eller planlegging*», jf. energiloven § 2-1 og plan- og bygningslova § 5-4. Vi meiner dette også må gjelde for overordna planlegging.

Grunnloven § 112 må leggjast til grunn for utforminga av statlege styringsverktøy som forslaget om

«Nasjonal ramme for vindkraft på land»: *«Alle har rett til eit helsesamt miljø og ein natur der produksjonsevna og mangfaldet blir haldne ved lag. Naturressursane skal disponerast ut frå ein langsiktig og allsidig synsmåte som tryggjer denne retten òg for kommande slekter. Borgarane har rett til kunnskap om korleis det står til med naturmiljøet, og om verknadene av planlagde og iverksette inngrep i naturen, slik at dei kan tryggje den retten dei har etter førre leddet. Dei statlege styresmaktene skal setje i verk tiltak som gjennomfører desse grunnsetningane».*

Vi viser også til Grunnlova § 49 om kommunalt sjølvstyre. Lindås kommunestyre sitt standpunkt og kunnskapsinnspel i høve «Nasjonal ramme for vindkraft på land» må difor leggjast til grunn som ein eksklusjon og vi ber departementet leggje vekt på dette i det vidare arbeid.

Biosfæreområde Nordhordland

Nordhordland har sumaren 2019 fått Unesco status som Noregs fyrste biosfæreområde. Sjølve grunnfjellet som denne statusen er tufta på er sampelet mellom menneke og naturen. Heilskapleg samfunnsutvikling vil vere vår ledestjerne i 10-åra som kjem der mellom anna overgang til fornybar og berekraftig energiproduksjon vert viktig.

Det me tek til orde for er ein rammeplan for fornybar energi som fevner om ulike sider og molegheter for fornybar energi som vasskraft, vind, bølge, havstraum og sol. Me ønskjer eit samskapt kunnskapsgrunnlag som gjev grunnlag til ei omforent analyse og vurdering for eit grønt skifte.

Nordhordland som biosfæreområde har som målsetjing å vere eit vitalt og sjølvbevisst modellområde som i fleire samsunnsperspektiv har ein gradient som strekk frå langt ut i havet, via kyst og fossefall til langt inn på «fjelli». Fornybar energi vil vere sentralt for oss og som modellområde vil me kunne vere målbærar for nyvinning, utvikling og innovasjon på feltet, ikkje berre for lokalsamfunna og nærmiljø, men og regionen og Noreg.

Vedlegg:

Forslag frå NVE til «Nasjonal ramme for vindkraft på land», 1.4.2019. Rapport 2019/12.
http://publikasjoner.nve.no/rapport/2019/rapport2019_12.pdf

Kart med forslag til 13 utpeikte områder, 1.4.2019:
<https://temakart.nve.no/link/?link=nasjonalramme>

Oppdatert kunnskapsgrunnlag i samband med «Nasjonal ramme for vindkraft på land».
<https://www.nve.no/nasjonal-ramme-for-vindkraft/oppdatert-kunnskapsgrunnlag/>

Notatet «Arealbehov (typetall) for landbasert vindkraft i Norge», Miljødirektoratet, 1.4.2019:
<http://webfileservice.nve.no/API/PublishedFiles/Download/201903419/2731291>

Vedtak Lindås kommune, 27.6.2019.
<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/horing--nves-forslag-til-en-nasjonal-ramme-for-vindkraft-pa-land/id2639213/?uid=fc92b0a0-2297-4e77-9add-765b754f8f2a>